

## Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Svein Helge Hofslundsengen	FE - 216	14/1160

Saknr	Utval	Type	Dato
134/2014	Formannskapet	PS	02.12.2014
	Kommunestyret	PS	

### Selskapskontroll 2015

#### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret prioriterer å få gjennomført selskapskontroll i AS Einekavane som kommunen eig 100 %.

#### Saksopplysningar:

##### Bakgrunn

Heimelen for selskapskontroll føl av kommuneloven (koml.) § 77 nr. 5, som fastsetter at kontrollutvalet skal ”påse at det føres kontroll med forvaltningen av kommunens (...) interesser i selskaper m.m.”, jf. tilsvarende formulering i § 13 første ledd i forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar.

I Note 4 i rekneskapen for Masfjorden kommune der lista opp i kva selskap som kommunen har aksjar i. I tillegg kjem interkommunale selskap som NGIR, Nordhordland Revisjon og Nordhordland Utviklingsselskap.

I Note 4 går det fram at det er 4 selskap som Masfjorden kommune har vesentlege eigarandelar i. Det er følgjande selskap:

Selskapet sitt namn	Eigarandel i selskapet
AS Einekavane	100 %
AS Masfjordbygg	55 %
Stordalen Skisenter AS	50 %
Gulen – Masfjorden Utbyggingsselskap	21,5 %

Kontrollutvalet hadde ein gjennomgang av oversikten over selskap. Kontrollutvalet ser det som viktig å prioritere selskap der kommunen har høg eigarandel og som er viktig for kommunen sin tenesteproduksjon.

Selskapskontrollen vil også fokusere på kva rutinar kommunen har for å følgje opp sine eigarinteresser, slik at den vil gå noko vidare enn berre å fokusere på det spesifikke

selskapet.

**Konklusjon**

**Samrøystes vedtak, kontrollutvalssak 31/14 :**

Kontrollutvalet prioriterer å få gjennomført selskapskontroll i AS Einekavane som kommunen eig 100 %.

**Formannskapet - 134/2014**

**FS - behandling:**

Ordførar Karstein Totland orienterte kort og saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

**FS - vedtak:**

Kommunestyret prioriterer å få gjennomført selskapskontroll i AS Einekavane som kommunen eig 100 %.